

Norm for skilt og reklameinnretning



Sunnfjord
kommune



Vedlegg 6

**Kommuneplanen sin arealdel 2024–2035
– endeleg planforslag juni 2024**

Innhald

1	Føremål.....	3
2	Verknad.....	3
3	Plassering av skilt og reklameinnretning	3
3.1	Skilting på freda eller verna bygning eller område.....	3
3.2	Skilting langs offentlig veg	4
4	Generelle føreseigner for skilt og reklame	4
4.1	For all skilting og reklameinnretning så gjeld følgjande:	4
4.2	Skiltplan	4
4.3	Tal skilt	5
5	Type skilt og krav til utforming.....	5
5.1	Frittstående skilt, id-mast, pylon/totem	5
5.2	Flagg og flaggstenger	5
5.3	Nedhengsskilt.....	5
5.4	Informasjonsskilt.....	5
5.5	Lausfotreklame	5
5.6	Lys og skilt som varierer i styrke, budskap eller er i rørsle	5
5.7	Lyssetting av skilt	5
5.8	Markiseskilt.....	6
5.9	Reklameskilt	6
5.10	Salsprodukt	6
5.11	Transportmiddelskilt	6
5.12	Uthengsskilt.....	6
5.13	Vindaugsdekor	6
6	Mellombels skilting	7
6.1	Skilting i samband med byggjearbeid	7
6.2	Reklame for større arrangement og ved særskilde markeringar.....	7
6.3	Skilt og reklame på idrettsarenaer	7
7	Dokumentasjonskrav til søknad	7
8	Definisjonar	8

1 Føremål

Føresegnene har som føremål å sikra ei estetisk god utforming av skilt og reklame i felles omgjevnad og offentlig rom i Sunnfjord kommune.


Løyve til skilt vert gjeve i samsvar med plan- og bygningslova § 30-3 og gjeld inntil vidare eller for eit avgrensa tidsrom.

2 Verknad

Alle skilt- og reklameinnretningar er omfatta av skiltføresegna, utanom skilt som er montert innandørs og som ikkje er meint for publikum på utsida. Opplysningar om avgangstider for offentlig transportmiddel inngår heller ikkje.

Krav til skilt- og reklameinnretningar gjeld for heile kommunen. Det er særskilde krav og reglar til skilt- og reklameinnretning i sone «Førde sentrum». Sone «Førde sentrum» er illustrert i figur 1.

Førde sentrum



Figur 1 Førde sentrum

3 Plassering av skilt og reklameinnretning

3.1 Skilting på freda eller verna bygning eller område

For skilting på eigedom som i reguleringsplan eller etter kulturminnelova er regulert til bevaring, skal det hentast inn uttale frå antikvarisk mynde. For skilting på eigedom som er freda skal det hentast inn dispensasjon frå vernemynde.

3.2 Skilting langs offentlig veg

Reklameskilt eller liknande som er retta mot offentlig veg må ha samtykke frå vegmynde. Viser til veglova § 33 som har reglar om skilt og reklameinnretningar langs veg.

4 Generelle føresegner for skilt og reklame

4.1 For all skilting og reklameinnretning så gjeld følgjande:

1. Bygningen sin storleik, byggestil, fasadeutforming og fasadematerialar skal vera avgjerande for val av type skilt og skiltutforming. Krav til bygningen sin tilpassing kan lettast løysast ved bruk av transparente løysningar, m.a.o. frittståande bokstavar, konturskårne logoar osv. Dersom det av grafiske omsyn må nyttast bakgrunn, så skal denne vere transparent eller tilpassa bygningen sin farge.
2. Skiltinga skal vere lett leselege utan å dominera eller ha eit unødvendig stort omfang. Skilt skal ha skriftstorleik som skal vere tilpassa leseavstand, og utformast slik at dei kan lesast og forståast av personar med nedsett funksjonsevne/orienteringsevne.
3. Verksemdar i same bygning skal samarbeida om ei samstemt skiltutforming som gjev eit tiltalende preg av heilskap. Skiltinga skal også tilpassast nabobygningar.
4. For bygg som inneheld fleire verksemd, skal verksemdene sine skilt samlast i ein felles presentasjon. Verksemd i lokale med fasade langs fortau eller gate med eiga inngang, kan ha eigne skilt.
5. Ved fleire skilt på ein fasade skal det nyttast same type lyskjelde og ha same lysnivå. For «kvit» del av skiltet, skal varmetemperaturen ikkje overstige 4500 kelvin. Lyssettinga skal i lysstyrke ikkje overstige det generelle lysnivået i nærområdet.
6. Det er ikkje tillat med skilt, flaggstenger og reklame på tak eller gesims, med mindre det er uråd med anna skilting.
7. Skilt på arkitektoniske detaljar på fasaden, som søyler/ pilastar (murforsterkning) og andre karakteristiske fasadeelement, er ikkje tillate.
8. Skilt og innretningar skal monterast forsvarleg og haldast i slik stand, at fare eller annan vesentleg ulempe ikkje oppstår for person eller eigedom. Skilt og flagg skal vedlikehaldas, og dersom dei er skada eller prega av forfall så skal dei fjernast. Plakatar, skilt og stativ som ikkje er i bruk skal fjernast.

4.2 Skiltplan

Skiltplan skal vise plassering, utføring, materialbruk og storleik for skilt innanfor eit avgrensa område/bygning/fasade. Det kan lempast på enkeltkrav i føresegnene når skiltplanen syner at den samla profilering, har ei tilfredsstillande arkitektonisk tilpassing og tek naudsynte estetiske omsyn.

Når det ligg føre godkjent skiltplan, så kan seinare endringar av skilt og reklame i samsvar med skiltplanen og føresegnene førast opp utan søknad.

4.3 Tal skilt

Det kan nyttast maksimalt eitt skilt pr. verksemd pr. fasade. For verksemder med særskilde behov kan det godkjennast fleire skilt. Eit slikt behov kan til dømes vere gjeldande for verksemder som er medlem i fleire kjedar.

5 Type skilt og krav til utforming

5.1 Frittstående skilt, id-mast, pylon/totem

Frittstående skilt, ID-mast, pylon/totem er ikkje tillate for enkeltverksemder, men kan nyttast der fleire går saman. Desse skal plasserast nær vegkryss til verksemdene.

I sone «Førde sentrum», sjå [figur 1](#), er det ikkje tillat med frittstående skilt, IDmast, pylon/ totem.

5.2 Flagg og flaggstenger

Flaggstengene skal ha maksimal høgde på 6,0 meter, og kan berre bli nytta til oppheng av flagg. Flagget sitt budskap skal vere føretaksnamn, logo eller kombinasjon av begge deler. Verksemder som sel plasskrevjande varer (ikkje detaljhandel) kan alternativt nytte produsentnamn. Flagget skal vere tilpassa flaggstanga og til omgjevnaden.

Det er ikkje tillate med flagg til bruk for skilt eller reklame i sone «Førde sentrum», sjå [figur 1](#).

5.3 Nedhengsskilt

Nedhengsskilt skal vere minimum 2,5 meter over gategrunn og ha ei breidde på maks 1,0 meter.

5.4 Informasjonsskilt

Informasjonsskilt skal plasserast i tilknytning til inngangen, og vere nøytrale, tilpassa fargar.

5.5 Lausfotreklame

Lausfotreklame er ikkje tillate.

5.6 Lys og skilt som varierer i styrke, budskap eller er i rørsle

Lys og skilt som varierer i styrke, budskap eller er i rørsle, er ikkje tillate. Digitale tavler kan godkjennast når desse er bak vindauge, tek i vare trafikktryggleik og er retta mot gåande.

5.7 Lyssetting av skilt

Ved fleire skilt på ein fasade skal det nyttast same type lyskjelde og ha same lysnivå. For «kvit» del av skiltet, skal varmetemperaturen ikkje overstige 4500 kelvin. Lyssettinga skal i lysstyrke ikkje overstige det generelle lysnivået i nærområdet. Varierende lysstyrke er ikkje tillate.

5.8 Markiseskilt

Markiser for solavskjerming kan kombinerast med verksemdsskilt på kanten i front på markisa. Markisa skal monterast over rammeopningar (vindauge/dørar) og med form og farge tilpassa bygningen.

5.9 Reklameskilt

For ei verksemd kan inntil tre mindre rammer for skilt og reklame godkjennast, dei kan ikkje vere større enn om lag 70 x 100 cm. Rammene kan nyttast til opplysningar om produkt, prisar, kampanjar og liknande.

Større utskiftbare reklameskilt med prisar og kampanjar, i fastmonterte rammer, kan berre godkjennast i samband med skiltplan, slik at tiltaket kan vurderast som del av den samla profilering.

5.10 Salsprodukt

Salsprodukt plassert utandørs kan aksepterast, når dei er retta mot gåande. Plasseringa skal ivareta krava til universell utforming og fjernast i butikken si stengetid. Salsprodukt skal ikkje plasserast i gangareal.

5.11 Transportmiddelskilt

Permanent eller mellombels oppstilling av transportmiddel, som har til hovudføremål å nyttast som ledd i profilering, skal inngå i vurderinga av den samla skiltinga, skiltplan, på eigedomen.

5.12 Uthengsskilt

Uthengsskilt skal vere min. 2,5 meter over gategrunn og skal ikkje stikke meir enn 0,7 meter ut frå fasadelivet, inkludert innfesting. Skiltet skal plasserast i god avstand frå hushjørne, og på ein måte som ikkje kjem i konflikt med andre skilt som gatenamnskilt, trafikkskilt og liknande.

5.13 Vindaugsdekor

Vindaugsdekor skal innehalde mindre logoar og det skal monterast på innsida av vindauge. Vindaugsdekor kan dekke maksimalt 1/3 av vindaugsflata. Der det er behov for skjerming, utover maks 1/3, kan tildekking tillatast dersom det vert teke naudsynte estetiske omsyn. Plakatar og liknande innanfor vindauge, og som er meint for publikum på utsida, skal inngå som del av skiltinga.

Foliering for innsyn og solavskjerming som ikkje har budskap i seg er ikkje søknadspliktig og det kan dekke heile vindaugsflata. Det er ein føresetnad at folieringa er av nøytral farge og er tilpassa bygningen ~~og at folieringa monterast på innsida av vindauge.~~

6 Mellombels skilting

6.1 Skilting i samband med byggjearbeid

For skilt som vert oppført i tilknytning til byggjearbeid, og er tidsavgrensa til gjennomføringa av byggjearbeidet, så kan det lempast på dei estetiske krava. Slike skilt skal berre gje informasjon om aktørane i byggeprosjektet, og skal vere godkjent av vegmynde der trafikktryggleiken kan vere påverka. For byggeplassskilt vert også bilete av byggeprosjektet i kombinasjon med føretak som er engasjert i bygginga akseptert.

6.2 Reklame for større arrangement og ved særskilde markeringar

Skilting i samband med større arrangement og ved særskilde markeringar er ikkje søknadspiktig, men det skal meldast inn til kommunen. Kommunen kan nekta oppsetting eller setje vilkår. Det kan setjast opp inntil 14 dagar før eit større arrangement/markering og skal fjernast straks arrangementet er avvikla. Det er akseptabelt med lausfotreklame i tidsrommet arrangementet held på. Lausfotreklame skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for gåande eller køyrande.

6.3 Skilt og reklame på idrettsarenaer

Skilt og reklameplakatar på idrettsarenaer kan plasserast utan godkjenning når dei er vende inn mot anlegget eller når dei er knytt til enkeltstående arrangement.

7 Dokumentasjonskrav til søknad

Når det vert søkt om løyve til nye skilt på bygg/eigedom, skal det leggjast ved:

1. Situasjonsplan som syner plassering av skilt og reklameinnretning.
2. Fotomontasje, i farge, av alle fasadar. Den skal vise korleis skilt og reklameinnretning tilpassar seg eksisterande skilting, bygning eller området rundt.
3. Oversikt med skildring av skilttype, materialbruk, breidde, høgde, tjukkeleik, og eventuell val av lyssetting og styrke på lyssetting.
4. Illustrasjon som viser belysning av skilt i mørket.
5. Samtykke frå grunneigar.
6. Samtykke frå vegmynde dersom tiltaket vender seg mot offentleg veg.

8 Definisjonar

Dørskilt

Skilt montert på eller ved sidan av dør.

Fasadeskilt

Skilt montert på fasade, nisje eller i vindaugsopning.

Flagg

Som regel firkanta tøyestykke med ein farge- og mønsterkombinasjon som symbol for ein nasjon, geografisk region, organisasjon, verksemd m.fl.

Frest skilt (konturskore skilt)

Skilt utforma som enkeltelement (bokstavar, figurar) utan bakplate.

Frittstående skilt, ID-mast, pylon/totem

Skilt på stolpe, sokkel, stativ eller mast.

Indirekte lyssett skilt

Lysskilt der lyskjelda er montert i skiltet og lyser opp veggen bak skiltet.

Lausfotreklame

Lett flyttbar innretning (reklamebukk, vippeskilt, roterande skilt- og reklameinnretning, parasoll), samt utandørs salsprodukt, plassert på fortau, gate, veg eller husvegg.

Lyssett skilt

Skilt der lyskjelda er plassert utanfor skiltet.

Lysskilt

Skilt der lyskjelda er integrert i skiltet.

Malt skilt

Skilt med verksemd- eller reklamebodskap malt direkte på vegg.

Markiseskilt

Markise påført namn til verksemd og/eller reklame.

Mellombels skilt

Flagg, banner, duk og segl.

Nedhengsskilt

Skilt som heng ned frå tak, himling, baldakin eller liknande.

Orienteringsskilt

Skilt med kart eller illustrasjon over eit område eller ein bygning.

Plateskilt

Tett plate/kasse/søyle for montering av fast eller utskiftbar skiltbodskap.

Reklameskilt

Skilt og liknande innretning som annonserer varer, tenester eller arrangement utan stadleg tilknytning.

Skilt og liknande innretningar:

Fysisk og/eller anna innretning for montering, plassering, klebing, projisering eller på annan måte synleggjering av fast eller utskiftbar bodskap. Innandørs innretning der bodskapen er retta mot utsida, vert også rekna som utandørsskilt.

Skiltplan

Plan som syner prinsippa for plassering, utføring, materialbruk og storleik for skilt innanfor eit avgrensa område/bygning/fasade.

Takskilt

Skilt montert over takgesims.

Transportmiddelskilt

Skilt påført køyretøy, tilhengarar og liknande som vert parkert i tilknytning til verksemda.

Uthengsskilt

Skilt montert ut frå fasade.

Variabel reklame

Reklameinnretning der bodskap vert endra meir enn ein gong i døgnet, uansett om vekslinga skjer mekanisk, elektronisk, optisk eller på annan måte.

Verksemdskilt

Innretning som annonserer verksemd på staden.

Vindaugsdekor

Sjølvslebande folie eller anna bodskap på/innanfor vindauge.

Visningsskilt (retningsskilt)

Skilt med opplysning om plassering, etasje og liknande.